

# Snø og snømålingar

*Motstandarane av Bergensbana brukte snøargumentet for alt det var verdt.*

*Under stortingsdebatten før vedtaket om trasévalet i 1894 vart det skremt med snødjupner på over 20 meter.*



*Finsefjell. Frå Jomfrunuten mot Kongsnuten og Jøkulen. Bergensbana nede i framgrunnen. (Svein Nord)*



*Folk i arbeid med snøen. Bergensbana mellom Myrdal og Finse blir spadd fram vinteren 1908. (Anders Beer Wilse)*

1890 Sth. Prp. Nr. 1. Hovedpost VII.						
Ang. Bev. til Undersøgelser vedkommende Jernbaneanlæg m. V. Kap. I.						
Tougevandslinien.						
Fra Stang Nr. til Stang Nr.	Antal Maal.	Sum af Maalene.	Middel Snødybde.	Antal Steder hvor Stangen ikke assede Bund.	Antal Steder hvor Stangen ikke assede Bund.	Anmærkninger.
			0,46			I Aal.
			0,60			I Dalen ved Kvisla.
			0,68			Ved Kvisslagaardene.
			0,90			« Aker —
			0,60			« Tufo —
			0,90			« Slaatten.
			1,00			« Ustevand.
			1,20			« Fjeldberg.
1—20	146	237,6	1,62	3		Nygaard—Nysæter.
20—40	61	82,2	1,34	0		Nysæter—Hestebotn.
40—60	218	447,4	2,04	6		Hestebotn—Ustekveika.
60—80	83	170,2	2,06	2		Ustekveika—Findsevand.
80—100	112	214,0	1,91	8		Findsevand—Findsennten.
100—130	170	422,8	2,49	13		Findsennten—Tougevand.
104—80	147	341,7	2,32	13		Tougevand—Laahellervand.
80—60	118	180,6	1,63	3		Laahellervand—Hallingskjeia.
60—20	64	83,0	1,31	0		Hallingskjeia—Gravhalsen.
20—0	155	258,0	1,66	2**		Opsæt—Kleivene.
Sum	1 274	2 707,0	2,12	48		Over 4,6 m.
				2**		« 3,1 m.

*Frå Stortingsproposisjon nr. 1 1890:*

*Tabell over snødjupner etter snømålingar langs den planlagde jernbanetråsen i 1880-åra.*

*Snømålingane vart utførte av lokalkjende fjellbønder gjennom fleire år. Bøndene overnatta ofte i telt, men det vart òg bygt fleire steinbuer innover fjellet for å letta det tunge arbeidet.*

**M**en bane vart det – og traseen vart stukken ut mykje på grunnlag av snømålingar. Dei første systematiske målingane vart gjorde under planlegginga av bana i 1880-åra. Alt før arbeida tok til, var det klart at snøen ville bli den største utfordringa, både under anlegget og ikkje minst under drifta av jernbana. Langs alle dei aktuelle traseane vart snødjupna målt på faste stikker, gjennom mange vintrar. Arbeidet vart leia av ingeniørane ved Statsbana og utført av lokale fjellbønder. Fleire steinbuer vart bygd for å letta arbeidet. Seinare gjorde ein òg snømålingar i samband med planlegginga av snøskjermar langs traseen. Nokre av resultatane kan vi i dag studera på Rallarmuseet på Finse.

Etter kvart som elvane frå Hardangervidda vart utbygde, starta òg nokre av kraftverka snømålingar. Målingane skjer i magasinområda før smeltesongen tek til, vanlegvis

like etter påske. Føremålet er å vurdere kor mykje smeltevatn kraftverket vil få som tilsig til magasinane utover våren og somaren. Dette influerer så på driftsplanlegginga. I den skjerpa konkurransen kraftverka imellom er slike snødata ein viktig forretningsløyndom.

Middel snødjupne på flat mark minkar frå over 2 meter til vel 1 meter frå vest mot aust på Vidda. Endå lenger austover, i Buskerud fylke, minkar den normale snødjupna til under 1 meter. Målingane viser store variasjonar frå vinter til vinter, avhengig av dei dominerande meteorologiske tilhøva gjennom snøsesongen. I typiske vestavindsvintrar er alltid snømengdene størst på Vestvidda. I vintrar med mykje søraustleg og austleg vindretning kan skilnadene vera små. Ulvik har noregsrekorden i største målte snødjupne på flatmark: 585 centimeter ved fjellet Grjøtusti 3. april 1918.

## TAKSKIFER TIL FJELLS

*Ved foten av Vassfjøro finst det god takskifer. Liksom dei andre skiferbrota i Hordaland ligg også dette brotet i solen til dei kaledonske skyvedekka, like over fyllitten og grunnfjellet. Det var ber utvalsinga var mest intens, og ber skifrigeigenskapane vart best utvikla.*

*Men skiferen i Ulvik låg langt til fjells – langt frå folk og marknad. Likevel vart brotet kjøpt frå oppsitjarane i Ulvik for meir enn hundre år sidan. Desse rettane vart i 1899 overdrogne til norskamerikanaren C. Børs-Isdabl. Han hadde store planar, og det vart sagt at han var millionær. Skiferbeller vart frakta med løypestrenger frå brotet, 1100 mob. og ned til Osa. Drifta varde ikkje særleg lenge. Arbeidet vart lite lønsamt, og ofte kunne det vera mykje snø, med fare for snøskred. I 1914 drog Børs-Isdabl attende til Amerika.*

*Spor etter bustufter og aktiviteten i brotet er framleis å sjå for dei som tek turen frå Osa opp den bratte fjellside.*